

SU Lye ungdomsskule

Dato: 09.04.26 klokka 1700 på personalrommet LUS

Deltakare

Frå FAU:

Nina Holen – leiar

Cathrine J. Furenes - nestleiar

Frå skulen:

Grete Reppe Håland - elevrådskontakt

Ane Kristensen Baardsgaard – rep. lærar

Amalie Slyk – rep. andre tilsette

Ingeborg Milner – rektor

Frå elevane:

Jafet Ezequiel Martinez

Politikar:

Anders Undheim

Forfall: Lina Hadland og Frida Gya Kartevoll

Informasjon frå skulen:

Økonomi og ressursar.

Ingeborg informerte om at det står godt til i fht økonomien. Dei tilsette skulen treng frå hausten er på plass. Det har etter jul vore noko sjukefråvær, men ikkje meir en kva som er normalt/forventa.

Orientering om Elevundersøkinga og Olweus undersøkinga

Elevundersøkinga og Olweus viser at elevane på Lye ungdomsskule trivst. I Elevundersøkinga er det høg skår på støtte frå lærarane og støtte frå føresette. Det er me godt nøgd med. Skulen har låge mobbetal (3,3), nasjonalt ligg det på 9.6. Olweus undersøkinga viser og at elevane trivst i friminutta og klassen. Dei melder at dei har 2 eller fleire å vera saman med.

Myk skulestart og framtidias fellesskule

På ei av Jærskulesamlingane blei temaet **Leik i skulen** presentert. God erfaring frå Solås skule med leik 1-4 trinn. Dei opplevde utfordringar med 1. og 2. klasse. Tiltaket som blei prøvd ut

	<p>var meir leik for å skapa sosiale relasjonar og inkludering, samt gi elevane ein god start på dagen. Dette blei drøfta vidare av fleire skular. Er dette noko me kan nytta oss av? Lye ungdomsskule vil sjå vidare på dette og eventuelt starta opp med ein variant av det til hausten.</p> <p>I tillegg hadde Oddny Solheim (UIS - Læringscenteret - Ho er og med i utvalet som utarbeider NOU: Framtidas skule) eit foredrag om Korleis tilpassa oss framtida? Ho snakka blant anna om omfang/timar i skulen og korleis me på best mogeleg måta kan organisera/"rigga" oss i fht knappe ressursar. Lye ungdomsskule er i dialog med Lye skule og Undheim skule i fht å få Oddny Solheim inn til eit felles foreldremøte/foredrag.</p>
Frå elevrådet:	<ul style="list-style-type: none"> • I november deltok Elevrådet på ein Workshop som Ungdomsrådet arrangerte. Tema var Rusførebygging i Time kommune med lunsj på Il Tempo. Dette syntest elevane var lærerikt og nyttig. Dei kan tenkja seg å ha noko liknande her på skulen. • Vinterballet – Her deltok Elevrådet i planlegginga saman med FAU. Elevane melder om ein kjekk og sosial kveld kor ungdomane kan treffast på ein anna arena enn skulen. Det er godt innarbeida. Passeleg med mat og vaksne. • Uteområdet/skulegarden. Elevrådet hadde i går besøk av Morten Bjorland frå bygg og vedlikehaldsavd. i Time kommune. Morten har utarbeida eit forslag med bakgrunn i det som kom fram på Innovasjonscampen i haust. Han presenterte bilete som synte korleis skulegarden kan bli med ulike aktivitetar. I tillegg såg me ein video som synte ein Interaktiv ballvegg. Det same blei vist

	<p>fram på FAU møte. Elevrådet har teke dette ut på 8. og 9. trinn for å få innspel frå klassane. I tillegg får Elevrådet 15 000,- kr frå Jæren sparebank mot at skulen kan bekrefte kva pengane blir brukt til. Dette er saker som Elevrådet no skal arbeida vidare med.</p>
Frå FAU:	
Eventuelt/ Til neste gong	<p>Anders etterspør om det har vore noko teknisk tilsyn på bygget. Det har det ikkje vore, men skulen har hatt brann tilsyn noko som gjekk greitt. Det var kun nokre ubetydelege merknader.</p> <p>Anders etterspør om skulen blir påverka av bygginga av tilbygget til hallen. Me har ikkje vore så involvert i den prosessen, men skulen har fått eit infoskriv. Skulen ved rektor kjem til å ta kontakt i forhold til det er ønskeleg med mest mogeleg ro under eksamen.</p>

Referent: Grete Reppe Håland og Ingeborg Milner